



Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS
Kvingebakkevegen 97
5981 Masfjordnes

Referanser:

Dykkar: a79b6659-459b-4e31-92ab-0b2a6dccb2e5

Vår: 21/407 - 21/4412

Saksbehandlar:

Thomas Skår

thomas.skar@masfjorden.kommune.no

Dato:

19.05.2021

Melding om delegert vedtak - søknad om løyve til utlegging av flytebrygge med bølgedempar med 16 båtplassar og oppføring av sanitærbygg - gbnr 37/8

Administrativt vedtak. Saknr: 058/2021

Tiltakshavar: Kvingo Båtlag

Ansvarleg søkjar: Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til hamne- og farvasslova § 14 og godkjenner søknad om løyve til utlegging av flytebrygge med 16 båtplassar og bølgedempar gbnr 37/8.

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan- og bygningslova § 20-1 og godkjenner søknad om løyve til utlegging av flytebrygge med 16 båtplassar og bølgedempar samt oppføring av sanitærbygg gbnr 37/8.

Søknad med vedlegg mottatt 27.04.2021 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart mottatt 27.04.2021.
- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt til kommunen før det søkast om ferdigattest.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngjeving: Søknaden er i tråd med reguleringsplan for Nordkvingo småbåthamn.

Heimel: Reguleringsplan for Nordkvingo småbåthamn.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVARSSOMRÅDE
SØK					
	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Ansvarleg søkar
PRO					
Prosjektering av konsrtruksjonar i sjøen og feste til land	Marina Solutions AS	995524252	S	1	Prosjektering av konsrtruksjonar i sjøen og feste til land
Prosjektering av landingsplass for flytebrygge, sanitærbygg med vatn- og avlaupsanlegg	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	L	1	Prosjektering av landingsplass for flytebrygge, sanitærbygg med vatn- og avlaupsanlegg
UTF					
Oppføring av sanitærbygg med vatn- og avlaupsanlegg	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	L	1	Oppføring av sanitærbygg med vatn- og avlaupsanlegg
Utføring av anlegg i sjø, flytebryggje og oppankring	Marina Solutions AS	995524252	S	1	Utføring av anlegg i sjø, flytebryggje og oppankring

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.7	Basisgebyr for andre bygg, konstruksjon og anlegg	1	9600,-
	Totalt gebyr å betala		9600,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Thomas Skår
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS Kvingebakkevegen 5981
97

Masfjordnes

Saksutgreiing:**1. Bakgrunn**

Det er i søknad mottatt 27.04.2021 søkt om løyve til utlegging av flytebrygge med bølgedempar med 16 båtplassar samt oppføring av sanitærbygg på gbnr 37/8.

2. Uttale

Søknaden er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3. Det føreligg ingen merknader til søknaden.

3. Fakta

Saka gjeld søknad om løyve til utlegging av flytebrygge med bølgedempar og 16 båtplassar samt oppføring av sanitærbygg på gbnr 37/8.

Flytebryggje i betong vert 3,0 x 60 meter. Ved brygga er det planlagd 16 båtplassar. Brygga kan seinare utvidast til 26 båtplassar innanfor ramma i reguleringsplanen. Flytebrygga vert festa i land med anker/lodd i sjø. Mot land vert det etablert betong landingsbrygge for feste av landgang frå bryggja. Brygga skal ha straum og vatn til vasking i 3 faste søyler på brygga.

På land vert det oppført sanitærbygg som vist på situasjonsplan. Her er det i dag framført straum til fordelingsskap levert av BKK og vatn frå privat vassforsyning. Vatn og straum vert ført vidare frå sanitærbygg og ut til flytebrygga. Vasstiltørsel vert ikkje frostsikra og må stengast ned om vinteren. I sanitærbygg skal det etablerast vassklosett med avlaup til 2 m3 slamavskiljar.

4. Vurdering

Kommunen skal vurdere tiltak i høve til plan- og bygningslova. I saka her er utlegging flytebrygge i samsvar med reguleringsplan for Nordkvingo småbåthamn.

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS vert godkjent som ansvarleg søker for tiltaket, og er ansvarleg for at alle oppgåver er belagt med ansvar. Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjevne i eller i medhald av plan- og bygningslova. Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

5. Konklusjon

Søknad om utlegging av flytebrygge og bølgedempar med 16 båtplassar og oppføring av sanitærbygg gbnr 37/8 vert godkjent som omsøkt jf. vedtak.